

**HORDALAND BONDELAG**

Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 OSLO  
Norge

Vår sakshandsamar  
Tore Henrik Øye

Vår dato  
22.03.2013  
Dykkar dato  
08.02.2013

Vår referanse  
10/00903-8  
Dykkar referanse

## **Fråsegn til høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden**

Med bakgrunn i forskingsmessige resultat og høyringsnotatet si skildring av situasjonen for bestandane av vill laksefisk, støttar Hordaland Bondelag innføringa av ei føreskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangefjorden.

Kyst- og fiskeridepartementet sitt utgangspunktet for framleggelsen til ny føreskrift, er at oppdretteloverksemda i fjordbassengen ikkje er i tråd med regjeringa sine miljømål for ei regional, berekraftig havbruksnæring. Bestandssituasjonen for vill laksefisk i elvane i området er svak og kritisk, og departementet viser til brei, fagleg semje om at lakselus og rømt oppdrettfisk er viktige årsaker. Vi synest difor det er bra og naudsynt at departementet tek tak i situasjonen, med intensjon om ei løysingsorientert føreskrift.

Ut frå dette må ein kunne forvente at både føremålet, grunnlaget for reguleringar og verknaden av tiltaka, skal vere med på å snu ei negativ utvikling. Slik som vi les og forstår føremålsparagrafen, kunne formuleringane vore meir offensiv og direkte i høve til å oppnå snarlege resultat, for å tydeleggjere målet med det nye forvaltningsregimet. Vår oppfatning er at den føreslegne ordlyden legg opp til berekraft på sikt, og vi etterlyser difor uttrykk som kan understreke viktigheita av tiltak med snarleg verknad.

Vi ser på bruk av teknologi som viktige verkemidlar for å redusere ulempene som oppdrettfisk påfører villfisk, spesielt med tanke på rømming og lakselus. I dette høve etterlyser vi eit endå sterkare og løysingsorientert fokus i føreskriftsframleggelsen.

Oppdrettsnæringa er ei svært viktig næring i Hardanger, både med tanke på økonomi, verdiskaping og sysselsetting. På desse områda kan ikkje aktiviteten knytt til fiske etter villfisk, måle seg i det heile, sjølv om potensialet også her er vesentleg. Det er difor andre forhold og verdiar som må ligge til grunn – og vere motivet for å styrke villfiskbestandane i området. Vi åtvarar derfor mot å setje dei økonomiske forholda opp mot kvarandre i for stor grad.

**Bondelagets Servicekontor AS**

|   |  |  |   |
|---|--|--|---|
| <b>Postadresse:</b><br>Krokeideveien 13<br>5244 FANA      | <b>Besøksadresse:</b><br>5244 FANA                         | <b>Tlf:</b><br>55 91 88 80   | <b>E-post:</b><br>hordaland@bondelaget.no   |
| <b>Hordaland Bondelag</b><br>Bondelagets Servicekontor AS | <b>Org.nr.:</b> 939678670<br><b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA | <b>Bankkonto:</b> 9365.09.64320<br><b>Bankkonto:</b> 8101.05.91392 | <b>Internett:</b><br><a href="http://www.bondelaget.no/hordaland">www.bondelaget.no/hordaland</a> |

Når det gjeld regulering av den stående biomassen, har ikkje Hordaland Bondelag kompetanse til å vurdere kor grensa skal gå. Men vi føreset at det vert sett ei fagleg forsvarleg grense ut frå føreskrifta sitt føremål om å verne om – og styrke villfiskbestandane i og kring Hardangerfjorden.

Med venleg helsing

*Elektronisk godkjent, uten underskrift*

Terje Larssen  
Fylkesleiar

Lars Peter Taule  
Organisasjonssjef